

Asfalteringa vert gjort over to dagar.

05.09.2017



Kvinnherad Asfalt legg ut asfalt på alle aktivitetsflatene og gangvegane i område.

Asfalteringa på gangveg, treningsflater og rasteplassar kring Kunstgrasbanen er i full gang. Kvinnherad Asfalt gjer jobben og ein reknar med å vera ferdig i morgen, onsdag. I dag vert det lagt ut 11 tonn asfalt på alle aktivitetsflatene. I morgen vert det lagt ut nye 11 tonn på gangvegane.

Asfalteringa er ein del av prosjektet Gull av grus. Treningsapparata, som mellombels er demontert, kan koma på plass att. Klatreparken er snart klar for montering.

Alt førrearbeid med planering vart gjort i førre veke av Stian Haugland frå Haugland Maskin. Medlemer frå prosjektgruppa gjorde noko av finarbeidet med hoppetussa.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Aktivitetsflata er asfaltert og treningsapparata kan monterast.